

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kontrollutvalet i Aurland kommune  
**Møtedato:** Tysdag 7. februar 2023 kl. 11.00  
**Møtestad:** Møterom 216

---

## SAKLISTE

**01/2023 Godkjenning av møteprotokoll 15.11.2022**  
**02/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar**  
**03/2023 Årsmelding for kontrollutvalet 2022**

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo, tlf: 95 26 13 40 eller e-post [harald.mo@pwc.com](mailto:harald.mo@pwc.com)

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 31.01.2023

Frode Bekkestad  
Leiar (sign)

Harald Mo  
Sekretariat

**Kopi:**  
Ordførar  
Rådmann  
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 1/2023 Godkjenning av møteprotokoll 15.11.2022

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Harald Mo	07.02.2023	1/2023

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 15.11.2022 vert godkjent

---

#### VEDLEGG

<b>Nr.</b>	<b>Dok. Dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	15.11.2022	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 15.11.2022

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 15.11.2022

**Møtetid:** Kl. 11:00- 13.00

**Møtestad:** Rådhuset, kommunestyresalen

**Saksnr.:** 14/2022 – 16/2022

<b>Følgjande medlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG
Siri Larsen Ramsøy	Ap
Erna Underdal Skarsbo	SP

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>	<b>Parti</b>

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Frode Bekkestad
<b>Frå sekretariatet møtte:</b>	Harald Mo, PwC
<b>Frå administrasjonen møtte:</b>	Steinar Sogaard
<b>Frå revisjonen møtte:</b>	
<b>Andre som møtte:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Merknader:</b>	

Underskrifter:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

## SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
14/2022	Godkjenning av møteprotokoll 18.10.2022	O
15/2022	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O
16/2022	Møteplan 2023	O

### Sak 14/2022 Godkjenning av møteprotokoll 18.10.2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	15.11.2022	14/2022

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 18.10.2022 vert godkjent.

---

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	18.10.2022	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 18.10.2022

#### 15.11.2022 KONTROLLUTVALET

##### SAK-14/2022 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 18.10.2022 vert godkjent.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 15/2022 Drøftingsaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 15.11.2022	<b>Saknr</b> 15/2022
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

##### Forslag til vedtak vedlegg, vedlegg 1-4:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

##### Forslag til vedtak om orienteringar:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

#### SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	29.10.2022	Kjell Nordgulen	Ad forvaltningsrevisjon
2	Oktober 2022	Sekretariatet	Godtgjersle til kontrollutvala i Sogn
3	Oktober 2022	Aurland kommune	Tertialrapport 2. tertial 2022
4	Oktober 2022	Aurland kommune	Eigarskapsmelding

#### 15.11.2022 KONTROLLUTVALET

##### Orienteringar:

##### Rådmannen orienterte om:

- Tertialrapport 2. tertial 2022. Hovudpunktet i denne er at Aurland kommune har større inntekter frå sal av konsesjonskraft enn budsjettert, og desse blir avsett til fond.
- Eigarskapsmeldinga for Aurland kommune er utarbeidd i samsvar med rettleiar frå KS og dekkar tilrådingane i selskapskontrollen frå KPMG.

##### Drøftingsaker:

- Notat frå Kjell Nordgulen jf. vedlegg 1 vart drøfta og spørsmålet om å innhente meir informasjon vart støtta av kontrollutvalet.
- Oversikt viser at kontrollutvalsleiar blir godtgjort 75% mindre enn andre kommunar i Sogn frå Høyanger og inn fjorden. Vidare viser oversikta at medlemar i kontrollutvalet blir godtgjort 8% mindre enn andre kommunar i Sogn. Kontrollutvalet meiner at

godtgjersla til kontrollutvalet skal harmonere med godtgjersle til andre utval i kommunen og til kontrollutval i liknande kommunar.

- Orienteringar i neste møte

### **SAK-15/2022 VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek orienteringa om innhaldet i dokumenta vedlegg 1-4 til vitande.

Kontrollutvalet ber om å få framlagt dokument til gjennomsyn til neste møte jf. notat frå Kjell Nordgulen som ligg som vedlegga 1 til saka:

Kontrollutvalet ber om å få sjå orginaldokument av oppseinga og orginal fakturaer frå Mesta AS i 2020 og 2021.

Kontrollutvalet ber om at godtgjersla til medlemar og leiar i kontrollutvalet blir justert opp til gjennomsnittet for andre kommunar i Sogn i kommunen sitt budsjett for 2023. Kontrollutvalet sitt vedtak blir oversendt til kommunestyret.

Samrøystes.

### **Sak 16/2022 Møteplan 2023**

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Harald Mo	15.11.2022	16/2022

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2023.

### **VEDLEGG**

<b>Nr.</b>	<b>Dok. Dato</b>	<b>Avsendar</b>	<b>Tittel</b>
1	15.11.2022	Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2023

## 15.11.2022 KONTROLLUTVALET

### SAK-16/2022 VEDTAK

Følgjande moteplan vart fastsett for 2023 med møtetidspunkt kl. 11.00 - 13.00:

<b>Møte</b>	<b>Tidspunkt</b>
1. møte	7. februar
2. møte	25. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar)
3. møte	6. juni
4. møte	12. september
5. møte	14. november

Samrøystes.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 2/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 07.02.2023	<b>Saknr</b> 2/2023
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

##### Forslag til vedtak, vedlegg 1-5:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

#### SAK/VEDLEGG

<b>Vedlegg nr.</b>	<b>Dok. Dato</b>	<b>Avsendar</b>	<b>Tittel</b>
1	Desember 2022	Aurland kommune	Kontrollutvalet sitt budsjett for 2023
2	18.12.2022 27.12.2022 23.01.2023	Sogn Avis	Artiklar om lovlegkontroll av straumstøtte
3	12. desember 2022	Forum for kontroll og tilsyn	Medlemsinfo desember 2022
4	Januar 2023	Forum for kontroll og tilsyn	Konferansar vår 2023
5	Januar 2022	Aurland kommune	Dokument under grøntavtalen avtalen med Mesta AS. Unnteke offentlegheit med henvisning til Offl. § 13 jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.2

##### Orienteringar:

- Orientering om grøntavtalen ved kommunedirektøren.

##### Drøftingssaker:

- Orienteringar i neste møte



Budsjettedtak for kontrollutvalet 2023

Det er ikkje sett av midlar til forvaltningsrevisjon i Aurland kommune sitt budsjett for 2023.

Område	Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2023	Budsjett fastsett av kommunestyret
Kontrollutvalet	97 100	97 100
Sekretariatet	195 000	195 000
Finansiell revisjon	210 000	210 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	315 000	0
Kjøp av eigarskapskontroll	0	0
<b>TOTALT</b>	<b>817 100</b>	<b>502 100</b>

Epost frå Robert Yttri 30.01.2023

**Budsjett kontrollutvalet 2023** Ekstern Innboks x

**R** Robert Yttri  
til meg, Beathe-Christin ▾

Hei

Budsjettet til kontrollutvalet er vedteke med unntak av forvaltningsrevisjon kr 315 000,-

 Med venleg helsing  
Robert Yttri  
Økonomileiar  
[robert.yttri@aurland.kommune.no](mailto:robert.yttri@aurland.kommune.no)  
Tlf.: 90 61 36 23

 Aurland kommune  
-dlet naturlege valet

[Sjå vår brosjyre](#)

Frå Økonomiplan Aurland kommune 2023-2026 7 Budsjett 2023

		2022	2023	2024	2025	2026
<b>Budsjettansvarsområde 110 rådmannsfunksjonen</b>						
Ramme i vedtatt økonomiplan 2022-25	A	33 504 800	35 004 800	35 004 000	35 005 000	34 004 000
Kompensasjon for lønnsvekst i 2022*	B		255 000	255 000	255 000	255 000
Vedtatt rammeendring for særskilte hendelser hittil i 2022 med effekt utover inneværende år**	C					
* Avtale komunearkivordninga FS 001/22 – administrativt vedtak – ekstrakostnad utover 200.000,- frå 2024				164 000	164 000	164 000
*Forvaltningsrevisjon anna kvart år			- 300 000	300 000	- 300 000	300 000
*Gjestelevar frå haust 2023			180 000	360 000	360 000	360 000
* Avslutta samarbeid med Lærdal kommune – reduksjon i inntekt			1 390 000	1 390 000	1 390 000	1 390 000
Bruk av fond - næring			- 4 700 000	- 4 700 000	- 4 700 000	- 4 700 000
Bruk av fond - Plan			- 800 000	- 800 000	- 800 000	- 800 000
Bruk av fond - Landbruk			- 915 000	- 915 000	- 915 000	- 915 000
Bruk av fond - Vetrinær			- 188 000	- 188 000	- 188 000	- 188 000
Bruk av fond - Viltforvaltning			- 50 000	- 50 000	- 50 000	- 50 000
Rammeendr. (driftskonsekvenser) for igangsette/gjennomførte investeringsprosjekter	D				220 000	
Kompensasjon for lønsoverheng inn i 2023	E		119 000	119 000	119 000	119 000
Kompensasjon for prisvekst i 2023	F		152 000	152 000	152 000	152 000
Tiltak/satsinger (utgiftsøkninger eller inntektsreduksjoner) lagt inn i ramma	G					
*Lærlingar - sentralt budsjettet frå 2024						
Lågare budsjettkostnader drift i IKTNH			- 180 000	- 180 000	- 180 000	- 180 000
Ressursavgang						
Rammeendring knyttet til oppgaveendringer og føringer i kommuneopplegget over statsbudsjettet	H					
Driftskonsekvenser av foreslåtte investeringsprosjekter	I					
Omstillings- og innsparingstiltak	J					
*Ressursavgang			- 1 305 000	- 2 220 000	- 2 220 000	- 2 220 000
<b>Forslag til nettoramme 2023-26 for ansvarsområdet (i 2023-kroner)</b>	<b>A tom. j</b>		<b>28 662 800</b>	<b>28 691 000</b>	<b>28 312 000</b>	<b>27 691 000</b>

## Artiklar i Sogn Avis desember 2022 og januar 2023 om straumstøtte

### Steile frontar om straumstøtte. Og så kom det krav om lovlegkontroll



I KLINSJ: Johannes Dalsbotten (H) tok ein alvorsprat med rådmann Steinar Søgaard i pausen. – Dette kan me ikkje gjera før me har fått eit klart juridisk svar på om det som det blir lagt opp til er lovleg, seier Dalsbotten. Til venstre, varaordførar David Underdal (Sp) som hadde framlegget som blei vedteke. Foto: Kai Martin Brekke  
Åpne deleknapper for artikkelen

18.12.22 11:02

[Kai Martin Brekke](#)

– Her er det så mange ting som ikkje har kome fram at eg er djupt sjokkert.  
For abonnentar

Johannes Dalsbotten (H) tok eit kraftig oppgjer med posisjonen, Sp og MDG, sitt fleirtalsframlegg frå formannskapet om å lata straumstøtta til hushaldningane gå rett inn i kommunekassen. Han meinte rett og slett at dette grepet ikkje var lovleg.

Det kjem me tilbake til.

Torsdag stod straumpris og straumstøtte på nytt på det politiske sakskartet i Aurland. Denne gongen i kommunestyret. Prisen ein ønskjer å tilby på avtalar om fastpris er alle samde om. Det er dei ikkje på den andre delen av framlegget, å senda straumstøtta rett inn i kommunekassa. Den debatten drog ut i tid, over ein time.

## **Vil ta straumstøtta**

Varaordførar David Underdal (Sp) opna med å lansera eit nytt framlegg, nesten identisk med formannskapet sitt, berre med ei klargjering av at prisen blir 40 øre kWh inklusiv avgifter for alle med fastprisavtale. Også næringslivet.

– Kraftbransjen har vore i ekstrem ulage i denne perioden, og ut frå eit prinsipp om at kraftprisen må ha ei viss marknadskopling burde fastprisavtalane nok ha auka noko. Det ynskjer ikkje me. Me legg til grunn at aurlendingane skal ha ein fast og føreseieleg pris. Men ikkje berre det, han skal også vera rimeleg. Difor ønskjer me å vidareføra ein kraftpris på 40 øre, ein kraftpris som vart vedteken for 2022 utan at me visste at private kundar i Aurland kom til å tena pengar på å bruka kraft dette året. Difor blir me nøydde til å trekkja frå straumstøtta for privatkundar som teiknar fastprisavtale for 2023, sa Underdal.

## **– Uetisk**

Han trekte fram at pengane som straumstøtta utgjør har som mål å hjelpa folk som slit med skyhøge rekningar, og meinte det var riktig og betre at kommunen som offentleg myndigheit omdisponerer midlane slik at dei kunne koma fellesskapet til gode på annan måte.

– Helst ville me ikkje hatt pengane innanfor kommunen sine grenser i det heile, men ordninga er ikkje rigga for å handtera slike tilfelle som oss, sa Underdal og heldt fram:

– Kommunestyret kan ikkje gjera eit vedtak som legg opp til at innbyggjarane skal få betalt for å bruka straum. Det er etisk uhaldbart. Me har allereie fått

utbetalt store summer for 2022 som me ikkje har krav på. Eg skulle ønskt at me ikkje vart sette i denne moralske klemma, sa Underdal, og trudde han hadde innbyggjarane med seg i at det var flautt å hamna i denne situasjonen.

– Det er slik at me nesten ikkje torer å snakka høgt om det. Det kan i alle fall ikkje halda fram.



LOVLEGGKONTROLL: Monica Finden (H) varsla etter avrøystinga at Høgre og Ap kravde lovlegkontroll av vedtaket. Her i samtale med Olav Hylland (H) og John Håland (MDG). Foto: Kai Martin Brekke

### **– Ei sak eg har venta på**

– Dette er nok ei sak både eg og innbyggjarane ventar på. Me har alltid tilbydd billeg straum til innbyggjarane, det skal me framleis gjera, sa Finden, som hadde eit framlegg på 40 øre kWh inklusiv avgifter. Og ikkje noko endring på straumstøtta.

– Når staten har laga ei ordning for straumstøtte som skal gå til innbyggjarane, så kan ikkje eg fatta og begripa at kommunestyret eller representantar kan meina at det er meir etisk rett at kommunen tek inn denne støtta. For meg blir

det heilt feil. Så seier Underdal at innbyggjarane får utbetalt pengar dei ikkje har krav på. Me har faktisk krav på det, sa Finden.

– Staten har bestemt at innbyggjarane skal få ei straumstøtte basert på dei prisane som er i området. Denne gongen har aurlendingane kome godt ut, andre gonger har me betalt meir. I tillegg har me ei ganske så høg nettleige i området. At me no for ein kortare periode kjem betre ut har eg over hovudet ikkje dårleg samvit for. Det bør ikkje innbyggjarane ha heller, sa Finden, og undra seg over uttalar om at kommunen vart sett i eit dårleg lys.

– Det blir me i alle fall om kommunen skal ta inn pengar som staten har bestemt at innbyggjarane skal ha. Eg trur me står oss godt på å tilby fastprisavtalar på 40 øre, punktum. Ikkje noko meir.

## – Milliongebyr

Johannes Dalsbotten (H) gjekk lenger. Han likte svært dårleg at Sp og MDG ville endra på avtalen med Energiverket. Han viste til fleire mellombelse støtteordningar for å kompensera for høge straumutgifter, men stogga sjølv opp ved støtteordninga til hushaldningane til å handtera ekstraordinære straumprisar.

– Støtteordninga til private har falle urimeleg godt ut for Aurland og nokre andre kommunar sine innbyggjarar, men dette var kjent for staten alt då modellen vart innført. At straumstøtteordninga har fått utilsikta konsekvensar er eit politisk problem. Det kan likevel ikkje bety at støtta kan krevjast inn av dei som sel krafta, sa Dalsbotten, og viste til eit energiselskap som hadde prøvd seg på dette.

– No har det medført varsel om milliongebyr for både selskapet og dagleg leiar. Kva kan ein forventa at staten gjer i neste omgang om kommunen tilrøvar seg straumstøtte som var meint til innbyggjarane, spurde han. Sjølv hadde han dette svaret:

– Dei kan leggja beslag på kommunen sine ekstrainntekter på sal av konsesjonskraft slik dei uansett har sagt dei vil gjera. Dei kan fjerna den statlege straumstøtta til Aurland kommune. Det har aldri vore meint at kommunen skulle behalda denne støtta, sa Dalsbotten.

## Jussen på bordet

– Har me det juridiske på plass. Det må me vera hundre prosent sikre på, sa Kjell Bøe Bjørgum (Ap).

– Det juridiske har me på plass. Det har vore sjekka ut, sa Underdal, og viste til at det var valfritt å gå inn på ein fastprisavtale.

– Og om det skulle skje at staten kjem og seier dei vil ta inn straumstøtta til Aurland, ser eg ikkje på det som noko problem. Den gir me gladeleg vekk til staten. Då er det betre at kommunen må ut med pengane enn at innbyggjarane får straffeskatt. Men dette trur eg ikkje skjer, sa Underdal, før Monica Finden bad om ordet:

– Eg vil be om at rådmannen legg fram den juridiske vurderinga. Den ligg ikkje ved saka.

## **– Har sjekka**

Rådmann Steinar Sjøgaard opplyste at det i fullsakshandsaming vert sjekka ut dei momenta som var uklare, eller om det var uklare moment, at det også var gjort i denne saka.

– Eg kontakta rådmannen i ein annan kommune, Luster, der dei hadde sjekka ut det juridiske med å innføra ein slik nettomodell. Tilbakemeldinga frå LVK sitt juridiske apparat var at dei ikkje såg nokon formelle avgrensingar, sa Sjøgaard.

Finden var ikkje overbevist.

– Me vil vil be om å få lagt fram spørsmåla og svara for å få klarheit i kva ein har spurt om og fått svar på.

## **– På djupt vatn**

Dalsbotten følgde opp:

– Går ein inn på Forbrukarrådet sine sider står det heilt klart at fastprisavtalar ikkje kan endrast i avtaleperioden. Det som det er lagt opp til her er mange endringar i løpet av året på grunn av varierende spotprisar. Dette er så garantert i strid med lova som det kan vera. Her er me så på djupt vatn, sa Dalsbotten.

Fleire kasta seg inn i debatten på kvar si side. John Håland (MDG) støtta Underdal om å lata straumstøtta gå inn i kommunekassa. Han trekte også fram energiøkonomisering, og ønskte øyremerking av midlane som kom inn.

– Det er fullstendig uaktuelt for meg å gå inn på ein avtale om å lata straumstøtta gå til kommunen utan ei juridisk vurdering om at det er lov. Det er nokså openbert at dette er i strid med lova. Det er så mange ting i denne saka som ikkje har kome fram at eg er djupt sjokkert, sa Dalsbotten.

## **Lovlegkontroll**

Ved avrøystinga vart framlegget frå David Underdal vedteke med 10 mot sju røyster. Høgre bad først om at deira motstand mot å overføra straumstøtte til kommunen vart protokollført.

Seinare gjorde Monica Finden det klart at Høgre og Arbeidarpartiet kravde lovlegkontroll av vedtaket.

## No er kravet om lovlegkontroll forma ut og levert: – Må ha ekstramøte i kommunestyret så raskt som råd



KLAR MED KRAV: Monica Finden på veg tilbake frå gruppemøtet der Høgre og Arbeidarpartiet vart samde om å krevja lovlegkontroll på fleirtalsvedtaket om å lata straumstøtta til kundane med fastpris gå rett inn i kommunekassen. Foto: Kai Martin Brekke

[Åpne deleknapper for artikkelen](#)

27.12.22 11:49

[Kai Martin Brekke](#)

– Me har ei god ordning. Den må me halda på.  
For abonnentar



Etter avrøystinga i kommunestyret før jul der fleirtalet, Senterpartiet og MGD, vedtok å trekkja inn straumstøtta til innbyggjarane, varsla Monica Finden munnleg om at Høgre og Arbeidarpartiet kom til å krevja lovlegkontroll av denne delen av vedtaket. No er kravet skriftleg utforma og levert.

## **- Kan ikkje gjera det slik**

I kravet om lovlegkontroll heiter det som følgjer:

«I saka er det ikkje lagt fram juridisk vurdering av om kommunen kan krevja inn straumstøtta som staten yter til husstandane etter gjevne reglar. Slik Aurland Høgre og Aurland Ap ser det, so er denne delen av vedtaket fatta utan heimel i lov. Me vurderer det òg slik at straumstøtta er eit forhold mellom Staten og den enkelte forbrukaren/husstanden, og ikkje er noko kommunen kan ta inn som ein del av straumprisen».

- Me meiner rett og slett at me som kommune ikkje kan gjera det slik, seier Finden.



## **LES OGSÅ**

[Steile frontar om straumstøtte. Og så kom det krav om lovlegkontroll](#)

## **- Fastprisen skal vera fast**

I kravet trekkjer Høgre og Ap vidare fram eit anna forhold som dei meiner bryt med gjevne reglar.

– Ein fastpris skal vera fast. Når kommunen tek inn straumstøtta som ein del av straumprisen, so vil det føra til at prisen på straum ikkje vert fast, men vil variera kvar månad alt etter kor stor straumstøtta er. Til slutt påpeikar me at avtalen om pris på straum er ein avtale mellom kunden og Aurland Energiverk, medan det er Sygnir som forvaltar og betalar ut straumstøtta på vegner av Staten, seier Finden.

## **Nytt møte**

Dei to partia ber i brevet om at kommunestyret gjer vedtak om at punktet om at kommunen kan krevja inn straumstøtta som ein del av prisen, får utsetjande verknad inntil det er teke endeleg avgjerd i saka og at kommunen så snart som mogleg vert kalla inn for ny vurdering av vedtaket i desembermøtet.

– Innbyggjarane har fått tilbod om å inngå fastprisavtale med frist til 15. januar. Det kan ein forsåvidt gjera sidan det ikkje er usemje om kva pris ein skal tilby, men det er viktig at me får ei avklaring på om innkrevjinga av straumstøtte held juridisk mål så raskt som mogleg. Helst før 15. januar, seier Finden, og legg til:

– Eg håpar verkeleg at fleirtalet snur i saka, og slik unngår at kravet om lovlegkontroll vert sendt til departementet.

## **Blir ikkje trekt**

Johannes Dalsbotten, som stod i spissen for kritikken frå opposisjonen under budsjettmøtet, viser til at Aurland ikkje får eit eittårig konsesjonskrafttrekk slik mange andre kraftkommunar no får. Det vart klart fredag før jul.

– Dette var eit argument frå posisjonen i debatten som viser seg ikkje slo til. Det er dei kraftkommunane som har brukt konsesjonskrafta dei rår over på ein slik måte at dei ikkje har tent store pengar på dei høge straumprisane som kjem godt ut. Der ligg Aurland, og det må me halda fram med, utan å tukla med inngåtte avtalar med kraftverket som kan slå negativt ut for oss. Me har ei god ordning som bør vidareførast. Konsesjonskrafta skal koma innbyggjarane til gode, ikkje stat og kommune, seier Dalsbotten.

## **– Køyrrer prosessen**

Ordførar Trygve Skjerdal (Sp) seier han har motteke kravet om lovlegkontroll og at han vil ta prosessen, som han seier, slik det skal takast.

– Det er viktig å få klarheit i om det me har vedteke held juridisk mål. Eg trur neppe fleirtalet vil snu i saka før me har svaret, og eg ser heller ikkje grunn til å køyra eit ekstra kommunestyremøte før det oppsette møtet tidleg i februar. Eg ser på ordninga me har vedteke som reversibel. Viser det seg at me ikkje har rett til å gjera det slik me har gjort, så må me betala straumkundane tilbake straumstøtta, seier Skjerdal, og legg til:

– Og fastprisen me tilbyr ligg fast. Den vil vera på 32 øre kWh pluss avgifter. Alle som går inn ein fastprisavtale vil få ein straumpris på 40 øre, heile året, seier Skjerdal.

## No har han dobbeltsjekka straumvedtaket: – Me ligg innanfor



HAR SJEKKA: Kommunedirektør Steinar Sjøgaard i Aurland har sjekka straumvedtaket med den juridiske avdelinga i LVK. – Me ligg innanfor, og svara vil bli lagt fram for politikarane i neste kommunestyremøtet, seier han. Foto: Kai Martin Brekke

Åpne deleknapper for artikkelen

23.01.23 17:39

### [Kai Martin Brekke](#)

– Straumstøtta vil ikkje gå rett i kommunekassen, slik det er blitt framstilt. Det er feil.

For abonnentar

Temperaturen var høg då kommunestyret rett før jul vedtok ny kraftavtale for innbyggjarar med fast straumleveringsavtale. Ikkje om prisen som vart

tilbydd, 40 øre inklusiv avgifter. Den var alle samde om. Det striden gjekk på handla om straumstøtta.



## LES OGSÅ

[Steile frontar om straumstøtte. Og så kom det krav om lovlegkontroll](#)

### - Snudde om på innhaldet

Mindretalet meinte kommunen var på feil kurs med å villa lata straumstøtta gå, som mange hevda, rett inn i kommunekassen. Det seier kommunedirektør Steinar Sjøgaard aldri har vore meininga.

- Det er feil forståing, og det er heller ikkje det vedtaket i budsjettmøtet legg opp til. Dette er å snu innhaldet i vedtaket, men kva grunnlaget er for å vri det til slik det må andre svara på, seier Sjøgaard.

### - Har dekning

Det er dette fleirtalsvedtaket som Sp og MGD stod bak, og som mindretalet Ap og H, kravde lovlegkontroll av, kommunedirektøren siktar til:

«Aurland kommune tilbyr privatpersonar i Aurland kommune ein fastpriskontrakt på 1 år til 32 øre/kWh pluss avgifter med tilleggsbeløp som svarar til den til ein kvar tid gjeldande statlege kompensasjonen. Aurland kommune tilbyr næringslivet ein fastpriskontrakt på 1 år til 32 øre/kWh pluss

avgifter. 3. Fastpriskontraktane skal følgje normale kommersielle vilkår slik Aurland Energiverk normalt ville gitt for denne type avtale, pluss avgifter med tilleggsbeløp som svarar til den til ein kvar tid gjeldande statlege kompensasjonen. Aurland kommune tilbyr næringslivet ein fastpriskontrakt på 1 år til 32 øre/kWh pluss avgifter. Fastpriskontraktane skal følgje normale kommersielle vilkår slik Aurland Energiverk normalt ville gitt for denne type avtale».

– Dei grepa som vedtaket legg opp til, meiner eg me har dekning for å gjera. Det har eg sjekka ut og den informasjonen vil bli lagt fram når saka kjem opp i kommunestyret den 9. februar, seier Sjøgaard.

## – Går sin gang

– *I kommunestyret varte debatten over ein time. Kvifor så lenge om alt var så klart som du no hevdar?*

– Eg tok i forkant av møtet kontakt med rådmannen i Luster sidan dei har same ordninga og hadde forhøyr seg meg med den juridiske avdelinga i LVK. Eg meinte svaret eg fekk var så klart at eg vurderte det slik at eg ikkje trengte å leggja det fram skriftleg. Den avgjerda står eg fast på. I etterkant har eg på eige initiativ teke kontakt med LVK si juridiske avdeling, seier Sjøgaard.

– *Og fått svar?*

– Ja, det har eg.

– *Kva går det svaret ut på?*

– At me har dekning for å gjera det slik vedtaket legg opp til, seier Sjøgaard.

– *Kva med kravet om lovlegkontroll?*

– Det går sin gang. Først skal dei folkevalde ta stilling til lovlegkontrollen i kommunestyremøte den 9. februar. Deretter skal Statsforvaltaren handsama saka, seier Sjøgaard.



## LES OGSÅ

No er kravet om lovlegkontroll forma ut og levert: – Må ha ekstramøte i kommunestyret så raskt som råd

## Lokalt påslag

– *Du seier de ligg innfor og at vedtaket står seg juridisk. Det må du forklara.*

– For det første får innbyggjarane eit tilbod og eit val. Dei står altså fritt til å velja ein fastprisavtale lokalt eller kjøpa straum frå andre leverandørar. Gjer dei det siste får dei straumstøtte inn på kontoen. Det får dei også med fastprisavtale, men i denne ligg det eit lokalt påslag tilsvarande straumstøtta for vårt område. Dette påslaget går ikkje rett inn i kommunekassen, men til Aurland energiverk som eig krafta dei leverer, seier Søgaard.

– *Og som seinare vil koma kommunekassen til gode?*

– Me får utbetalingar frå E-verket basert på den inntekta av konsesjonskraft som dei sel for kommunen. Slik har det alltid vore.

## – Nettoen vil vera 40 øre

I kommunestyret vart det også stilt spørsmål ved lovlegheita at ein med vedtaket ville få ein varierende straumpris?

– Prisen vil variera, men nettoen vil alltid vera 40 øre kWh. Eg tilrådde 50 øre, men kommunestyret justerte den ned. Eg har heile tida meint at det som vart vedteke var rett og juridisk innanfor. No har eg sjekka nøyare, og svara eg har fått vil koma fram i saksframstillinga til komande kommunestyremøte, seier Søgaard.





12. desember 2022

## Kjære medlemmer

Vi er i ferd med å legge nok et år bak oss. Det har vært fint å treffe mange av dere på fysiske arrangementer igjen. Takk for et hyggelig år.

FKT er godt i gang med å planlegge vårens aktiviteter. Her er noen smakebiter:

### SEMINAR OG KONFERANSER

#### [Webinar: Kommunikasjonsstrategi for kontrollutvalget, 26. januar 2023](#)

Sted: Teams

Velkommen til en times webinar der vi viser hvordan en kommunikasjonsstrategi for kontrollutvalget kan se ut. Ingen deltakeravgift for medlemmer.

Påmelding fra hjemmesiden (lenken over).

#### [Sekretariatskonferansen 2023, 21.-22. mars](#)

Sted: Scandic Lillestrøm

Dette blir en samling der vi setter søkelys på det som er aktuelt for sekretariatene til neste år med mottak og opplæring av nye utvalg og nye planer og risikoanalyser. Vi skal også presentere forslag til anbefalinger fra fellesprosjektet mellom NKRF og FKT om god skikk og praksis i sekretariatene. Disse er til høring på tidspunktet for konferansen.

Vi legger opp til god tid til refleksjon og diskusjon.

Du kan melde deg på fra hjemmesiden. Der er temaene nærmere omtalt.



### [Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni](#)

Sted: Scandic Lerkendal, Trondheim

Fagkonferansen to hovedtema er kommunens ansvar for egen beredskap (klima, personvern, anti-korrupsjon og påvirkning av valg) og ytringsfrihet og åpenhet i kommunen.

Du kan melde deg på fra hjemmesiden allerede nå. Der er temaene nærmere omtalt.

I forbindelse med fagkonferansen, har vi også [årsmøte 31. mai](#).

### **PROSJEKTER**

FKT og NKRF er godt i gang med et samarbeidsprosjekt om utvikling av normer for sekretariatene. Daglig leder Arnar Helgheim, SEKOM-sekretariat og generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen er med i styringsgruppen. Arnar deltar også i arbeidsgruppen som skal gi anbefalinger om bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Anne-Karin deltar i arbeidsgruppen som skal gi anbefalinger om oppsett av kontrollutvalgets protokoller. Anbefalingene blir sendt til høring i februar.

### **STYRET**

Du finner styreprotokollene på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Send e-post til [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) hvis du ønsker å få tilsendt brukernavn og passord.

Styrets møtekalender for våren 2022: 31. januar, 20. mars, 24. april og 30. mai.

### **NYHETSBREV**

Personvernreglene krever ditt samtykke hvis du vil ha nyhetsbrev fra FKT. Du kan mede deg på her: [www.fkt.no](http://www.fkt.no) (like under hovednyhetene)

Følg oss gjerne på [facebook](#) og på [twitter](#)

*Med ønske om en riktig god jul!*

**Anne-Karin Femanger Pettersen**

Generalsekretær

## Forum for kontroll og tilsyn

### Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni

I 2023 arrangeres fagkonferansen på [Scandic Lerkendal, Trondheim](#), 31.mai-1.juni

#### Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor.

#### Program

Det er krig i Europa, dyrtid og klimakrisen er foruroligende nær. Hva bør kontrollutvalget være oppmerksom på i denne sammenhengen?

- Hvilke trusler står kommunene overfor?
- Er beredskapen i kommunen god nok?
- Er kommunen beskyttet mot korrupsjon og økonomisk kriminalitet?
- Det er kommunestyre- og fylkestingsvalg til høsten. Derfor er det aktuelt å spørre om vi er sikre på om vi kan gjennomføre valg på en trygg måte uten påvirkning?
- Hva med personvernet? Er kommunen beskyttet mot hacking og cyberangrep?

Samtidig er det krav til kommunene om godt ytringsklima og åpenhet.

- Hvordan står det egentlig til med åpenheten i norske kommuner?
- Ytringsfrihetskommisjonen mener at kommuner som sliter med åpenheten må lage en tiltaksplan som skal sikre at offentlighetsloven og arkivloven etterlevs.

#### Dag 1, 31. mai

09:00 Registrering med mat

10:00 Velkommen | Tage Pettersen, styreleder FKT

10:05 Kommunenes ansvar for egen beredskap | Øystein Johannessen, Assisterende Statsforvalter, Trøndelag

10:45 Kort pause

10:50 Geoteknikk i Overhalla kommune, Forvaltningsrevisjonsrapport som tar for seg faren for kvikkleirekred | Margrete Haugum, oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor, Midt-Norge Revisjon SA

11:35 Pause

11:50 Personvernkommissjonens rapport, utfordringer for kommunene | Helge Veum, medlem av Personvernkommissjonen, leder for teknologi og innovasjon, Ålesund kommune

12:30 Kort pause

12:35 Spørsmål og refleksjon

13:00 Lunsj

14:00 Korrupsjon og økonomisk kriminalitet med blick på offentlig sektor | Mari Sognnæs Andresen, Økokrim

14:45 Pause

15:00 Hvordan kan vi beskytte norske valg mot uønsket informasjonspåvirkning? | Ine Marie Eriksen Søreide, stortingsrepresentant (H)

## **Dag 2, 1. juni**

09:00 Rapport fra Ytringsfrihetskommisjonen | Anki Gerhardsen, frilansjournalist, og medlem av kommisjonen

09:45 Pause

10:00 Hvordan står det til med åpenheten i kommune-Norge? | Tor Dølvik, spesialrådgiver, TI Norge

10:45 Pause

11:00 Åpenhetsloven og kommunenes rett til å kreve informasjon fra leverandører | Gro Valen Simonsen, Forbrukertilsynet

11:30 Lunsj

12:30 Refleksjoner etter endt valgperiode og erfaringsoverføring til nytt utvalg. Paneldebatt med flere KU-ledere og spørsmål fra salen. | Tage Pettersen, FKT, moderator

13:30 Pause

13:45 Skråblikket: Tvil deg god | Henrik Syse

14:50 Avslutning | Tage Pettersen, FKT

Deltakeravgift kr. 7 500, ikke medlemmer kr. 7 950

Påmeldingsfrist: 21. april

## Sekretariatskonferansen 2023, 21.-22. mars

Sekretariatskonferansen 2023 arrangeres på Scandic Lillestrøm 21.- 22. mars

### Sekretariatskonferansen 2023

- 9 timer (Dag 1: kl.11.00 – ca. 17.00. Dag 2: kl. 09.00 -13.00/ lunsj)
- Deltakeravgift kr. 7 500, ikke medlemmer kr. 7 950
- Målgruppen er sekretariatene, men andre interesserte kan også melde seg på.
- Påmeldingsfrist 20. februar, bindende påmelding

### Foreløpig programomtale (oppdateres løpende)

Programmet er under utarbeidelse. Vi tar forbehold om endringer.

Fellesprosjektet mellom FKT og NKRF om normer og anbefalinger for sekretariatsfunksjonen. To veiledere er til høring på tidspunktet for sekretariatskonferansen: Anbefalinger for protokollering og Anbefalinger for bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

Bestilling av forvaltningsrevisjon bygger på ROV-analysen. Det er ingen krav til hvordan risiko- og vesentlighetsvurderingene skal gjennomføres utover at den skal være basert på en vurdering av hva som er risiko og hva som er vesentlig. Hvem gjør hva? Hvordan kan vi få til et bredt engasjement? Når er det mest hensiktsmessig å gjennomføre analysen? Hvordan skal nytt kontrollutvalg få godt eierskap til den?

Det nærmer seg kommunevalg og opplæring av nye kontrollutvalg og folkevalgte må forbedres. Hvordan kan sekretariatet spille kontrollutvalgene gode? Hva er viktig å få med i vår tilmålte tid i opplæringen for kommunestyre og for kontrollutvalget?

Det er nyttig for kontrollutvalget å evaluere eget arbeid jevnlig for å få til læring og forbedring ved å sette søkelys på hvordan utvalget fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Som et minstemål bør sekretariatet og kontrollutvalget få til en evaluering i slutten av valgperioden. Målsettingen er å få et nyttig grunnlag som kan bearbeides, deles og brukes.

Vi legger opp til god tid til diskusjon og refleksjon i grupper og i plenum.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 03/2023 Årsmelding for kontrollutvalet 2022

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 07.02.2023	<b>Saknr</b> 03/2023
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2022, med eventuelle korrigeringar som kjem i møtet.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

#### VEDLEGG:

<b>Nr.</b>	<b>Dok. Dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	07.02.2023	Sekretariatet	Utkast: Årsmelding for kontrollutvalet 2022

**KONTROLLUTVALET  
I  
AURLAND KOMMUNE  
ÅRSMELDING 2022**

## **Innleiing**

Kommunelova del 7 (kapittel 22 til 26) omhandlar eigenkontroll i kommunen, herunder kontrollutvalet si verksemd samt revisjon. Kommunestyret har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga, jf. § 22-1. Kommunestyret vel kontrollutvalet til å stå for det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, jfr. § 23-1.

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt kommunestyret og dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet. Sekretariatet for kontrollutvalet skal vere uavhengig av rådmannen.

Etter kommunevalet i 2019 valde kommunestyret følgjande kontrollutval for perioden 2019-2023 i Aurland kommune:

- Frode Bekkestad (leiar)	H
- Kjell Nordgulen (nestleiar)	AP
- Siri Larsen Ramsøy	AP
- Erna Underdal Skarsbo	SP
- Kristoffer Ullern Hansen	MDG

Varamedlemmer:

- Erling Sonnerheim	1. vara H/AP
- Elisabeth Vindedal	2. vara H/AP
- Erling Monrad Nesbo	3. vara H/AP
- Sturle Ryum	SP
- Monica Gjesdal Larsen	MDG

## **Kontrollutvalet sitt formål**

Kontrollutvalet sitt hovudmål er å medverke til at kommunen sine oppgåver vert løyst på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i kommunelova kapittel 23 og i forskrift om kontrollutval og revisjon fastsett av Kommunal og regionaldepartementet. Gjeldande regelverk trådte i kraft ved konstituering av nytt kommunestyre hausten 2019. Endringane i lov og forskrift har ført til at kontrollutvalet i Aurland er utvida frå tre til fem medlemmer, elles er det ikkje større endringar.

Oppgåvene til kontrollutvalet er i forskrifta delt inn i fire paragrafar:

- § 2. Kontrollutvalet si rolle i fastsetjinga av budsjettet for kontrollarbeidet
- § 3. Kontrollutvalet si oppgave ved rekneskapsrevisjon
- § 4. Kontrollutvalet si rapportering om forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar
- § 5. Kontrollutvalet si oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om revisjonar og eigarskapskontrollar



### **Kjøp av revisjonstenester**

Kommunestyret vedtok i sak 048/20 å nytte KPMG ved kjøp av revisjonstenester i perioden 2020-2022 med rett til fornying for perioden 2022-2024. Retten til fornying fram til 2024 er nytta.

### **Sekretariat for kontrollutvala**

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredstillande sekretariatbistand.

I 2017 gjorde kommunestyret vedtak om å inngå avtale om sekretariatsfunksjon med PwC med verknad frå 1.6.2017. Avtalen gjaldt fram til 1.6.2019, med moglegeheit for forlenging to gonger for to år om gongen. Avtalen vart forlenga for andre gong i 2021.

Sekretariatet er sett saman som ein prosjektorganisasjon med ein overordna leiar og fire medarbeidarar frå PwC som er ansvarleg for oppfølging av sekretariatsfunksjonen for kvar sine kommunar.

### **Dei viktigaste sakene i 2022**

I 2022 blei det halde 5 ordinære møter i kontrollutvalet i samsvar med oppdragsavtalen med PwC.

I alle møta har faste saker som ”Godkjenning av møtebok” og ”Drøftingssaker, skriv og meldingar” vore oppe til handsaming.

Det blei i 2022 gjort vedtak i til saman 16 saker. Dei viktigaste sakene har vore:

- Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Aurland kommune:  
Kontrollutvalet handsama i sak 6/22 (møte 19.05.2022) kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for 2021. Revisor og økonomisjef var til stades og orienterte om revisjonen, årsrekneskapen og årsmeldinga. Fråsegna vart sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.
- Årsrekneskap og årsmelding Aurland Hamnevesen KF:  
Kontrollutvalet handsama i sak 7/22 (møte 19.05.2022) kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for 2021 for Aurland Hamnevesen KF. Fråsegna vart sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.
- 20.01.2021 gjennomførte kontrollutvalet ekstramøte og handsama framlegg om granskning. Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret å ikkje setja i verk granskning. Kontrollutvalet si innstilling vart vedteken i kommunestyret 11.02.2021.
- Forvaltningsrevisjon Tekniske tenester  
I sak 12/2022 (møte 18.10.2022) handsama kontrollutvalet rapport frå KPMG etter forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i Aurland kommune.

Eigarskapskontrollen var forbedringsorientert og revisor gav to tilrådingar på område der kontrollen avdekkja forbettringsområde. Kontrollutvalet fastsette vedtak med tilråding om at tilrådingane i rapporten blir følgt opp. I kommunestyresak 054/22 den

03.11.2022 vart framlegget frå kontrollutvalet vedteke.  
Kontrollutvalet har planlagt oppfølging av rapporten våren 2023.

- Årsmelding for kontrollutvalet for 2021  
Kontrollutvalet har som sak 3/2022 handsama årsmeldinga for 2021 for kontrollutvalet i Aurland kommune. Årsmeldinga vart sendt over til kommunestyret til orientering.
- Kontrollutvalet har i 2022 gått gjennom tertialrapportane som er framlagt av kommunen.
- Kontrollutvalet har bede rådmannen om ei rekke orienteringar gjennom året. Kontrollutvalet har mellom anna fått orientering om:
  - Tertialrapportar
  - Resultat i årsmeldinga frå Lærdal og Aurland barnevern
  - Eigarskapsmeldinga for Aurland kommune
  - Grøntavtalen med Mesta AS
  - Framdrift i arbeidet med tilrådingane i Rapport etter eigarskapskontroll Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS, orienteringar i fleire møter
  - Klagdeadgang og informasjon om klageadgang i vedtaksbrev i saker som vedkjem plan og og bygningslova
- Budsjett for kontrollutvalet 2022  
Kontrollutvalet handsama i sak 13/22 (møte 18.10.2022) budsjettframlegg for 2023 på kontroll- og tilsynsområdet i kommunen. Budsjettframlegget var delt i fire delar; kontrollutvalet, sekretariatet, finansiell revisjon samt kjøp av forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet sitt vedtak vart sendt til administrasjonen for vidare handsaming. Endeleg budsjett på kontroll- og tilsynsområdet vart i desember 2022 godkjent i kommunestyret i samsvar med framlegget frå kontrollutvalet, med unntak av budsjett til forvaltningsrevisjon som ikkje fekk tildelt midlar.

For øvrige saker viser kontrollutvalet til møtebøkene.

### **Andre forhold**

Frode Bekkestad Kjell Nordgulen deltok på FKT's fagkonferanse på Kløfta 8-9. juni 2022, i regi av Forum for kontroll og tilsyn.